



Dkg. Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	12/676-2	12/8434	N-256/	30.07.2012

Høyringsfråsegn - framlegg til endring i lov om stadnamn.

Ullensvang herad ynskjer at ein opprettheld det klare skiljet som i dag finst mellom stadnamn og slektsnamn, der skrivemåten av stadnamna er ei kulturell felleseige, medan slektsnamnet er ei privatsak for den einskilde. Dette skiljet er eit enkelt teoretisk prinsipp som har store fordelar. For stadnamna sin del sikrar det skriftspråkleg kontinuitet, og det inneber at alle stadnamn uansett type vert behandla likt ved normering. Brukseigarane har på si side moglegheit til å styra heilt over seg sjølve, for dei kan sjølv bestemma korleis etternamna deira skal skrivast. Stadnamnlova regulerer dessutan berre skrivemåten som det offentlege skal bruka, så grunneigarar som har andre preferansar enn den offisielle normeringa, kan heilt fritt velja å skriva bruksnamnet annleis enn det offentlege gjer.

Me ser det vidare som problematisk at ein skal skilja mellom normeringa av gardsnamn og bruksnamn, for det finst ikkje noko klart skilje mellom gardsnamn og bruksnamn, svært ofte har fleire av bruka nøyaktig same namn som garden dei ligg under. Det vil difor i realiteten vera umogleg å praktisera skiljet rett, for i mange tekstar vil det ikkje vera klart om ein omtalar garden eller bruket. Det kan potensielt få juridiske implikasjonar som kan vera uynskte om ein i til dømes domar eller forvaltningsvedtak trør feil og brukar skrivemåten på bruket der ein eigentleg skulle ha brukt skrivemåten på garden, eller omvendt. Ofte vil det berre verta skrivemåten, ikkje uttalen som er ulik, t.d. Hus vs. Huus, og då vil dei beste kunna risikera å bomma på skrivemåten.

Vidare ser me at det ofte er tilfeldig om gardane har eigne gardsnummer eller ikkje. Her i heradet har me fleire døme på at gardar ikkje har eigne gardsnummer på grunn av dei eigartilhøva ein tilfeldigvis hadde då matrikkelen av 1886 vart innført. Soleis er til dømes gardane Dale, Kaland og Ytre Kvitno i Ullensvang formelt å rekna for bruk, ikkje gardar, men dei ber gamle gardsnamn. Skal brukarane her få det avgjerande ordet dersom dei vil endra namna til t.d. Dahl, Calland og Quitne ut frå nokon gamle, danskspråklege protokollar?

Me trur det vil vera forvirrande både i og utanfor forvaltninga å ha ulik skrivemåte av same namnet alt etter kva brukarane tilfeldigvis har bestemt seg for. Dagens stadnamnlov gjer det mogleg for oss straks å sjå kva som er rett og feil skrivemåte av eit stadnamn, i og med at stadnamna er tilpassa norske rettskrivingsreglar. Det er heilt klart at det vil verta fleire tilfelle av feilskrivingar frå det offentlege dersom ein skal løysa opp dei normeringsprinsippa som ein kan fylgja i dag, ved å avløysa dei med ulike innbyrdes motstridande stavereglar som har golde i tidlegare tidars rettskriving.

Det står elles i høyringsnotatet at ”bruksnavn står i en særstilling i forhold til andre stedsnavn. Blant annet er det ofte en særskilt kobling mellom bruksnavnet på en eiendom og eiers etternavn”. Denne skildringa er me usamde i. Det er tvert imot gardsnamna som står i ei særstilling, for det vanlegvis gardsnamna, ikkje bruksnamna, etternamna er avleidde av, og det er så vidt me veit tilfellet i heile landet. Men når det er sagt, ville me finna det endå mindre akseptabelt om ein privatiserte normeringa av gardsnamna.

Det står i framlegget at brukaren kan få vedteke ein skrivemåte ”hvis det kan dokumenteres at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk”. Det er velkjent at ein svært stor del av dei stadnamna som har førekome i offentleg bruk har hatt vaklande skrivemåte. Difor er det slik at dette vil omfatta ein stor prosent av dei bruksnamna som finst i landet. Dei fleste som leitar, vil kunna finna ulike skrivemåtar av bruksnamna sine. Departementet bør difor vurderera om ikkje dette framlegget kan føra til for store konsekvensar for det namnetilfanget i landet som knyter seg til bustader.

Me vil til slutt gjera merksam på dei ulempene som oppløysing av stadnamnormeringa kan føra med seg ved utvikling og bruk av elektroniske verkty der stadnamn inngår. Varierende skrivemåte av eit namn kan føra til vanskar med til dømes å søkja opp eit stadnamn som ikkje fylgjer vanlege rettskrivingsreglar eller avvik frå den skrivemåten som gjeld garden eller andre nabobruk. Den teknologiske utviklinga fører med seg behov for strammare normering av stadnamna. Dersom nokon til dømes treng å rykkja i naudsituasjonar, bør dei sleppa å måtta prøva seg fram med fleire ulike stavekombinasjonar for å søkja opp den staden der dei får opplyst at noko har hendt.

Med helsing

Ullensvang herad



Sveinung Dukstad

Assisterande rådmann

Sakshandsamar sin tlf:

53671535

Sakshandsamar si e-postadr.: sduk@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok